

Fra: Lise Fauskanger Ådlandsvik

Sendt: 03.02.2017 14:18:56

Til: Bjarte Tolleshaug

Kopi:

Emne: Utbedring av fylkesvei 158, Os kommune

Vedlegg: image001.png;image002.jpg;Plan- og byggeprogram Hordaland utanom Bergen 2017_Vedteke 14122016.pdf

Hei.

Det vert vist til din epost av 19. januar 2017 vedkommande delstrekning av Lepsøyvegen, fylkesveg 158, i Os kommune. Hordaland fylkeskommune har 2944 km fylkesveg, og har delt dette vegnettet inn i eit overordna og eit øvrig vegnett. Den strekningen som det her er snakk om ligg på det øvrige fylkesvegnettet. Todeling inneber, enkelt sagt, ei høgare prioritering og meir omfattande tiltak på det overordna fylkesvegnettet samanlikna med det øvrige fylkesvegnettet.

Både Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune er kjent med at denne strekningen på Fv 158 manglar eit godt tilbod til gåande og syklende. Dette gjeld diverre svært mange av fylkesvegane i Hordaland. Mange av dei har låg standard, og det er både behov og ønskje om å få utført tiltak. Når det gjeld denne fylkesvegen så har ikkje fylkeskommunen planar om å utføre tiltak her, og det er heller ikkje sett av midlar til å utføre tiltak på vegen i 2017, jf Plan- og byggeprogrammet for fylkesvegane i Hordaland (vedlagt).

Vi går ut frå at den søknadsprosessen som det vert vist til i fyrste del av dykkar epost gjeld kommunal veg, ettersom dette ikkje er ein søknad som vi kjenner til.

Utover dette så vil vi trekkje fram kopling som denne fylkesvegen har til Lepsøykrysset og E39. Det ligg føre ein reguleringsplan for dette krysset, men det er så langt vi er kjent med ikkje oppstart av utbetring av krysset i 2017. Ettersom dette er ein statleg veg, så er denne ein del av NTP-prosessen (Nasjonal transportplan). Ei omlegging av Lepsøykrysset vil uansett neppe ta med seg utbetring av heile fylkesvegstrekningen som det her er spørsmål om, men evt tiltak vil påverke strekningen. Det er også ei utfordring å kunne koordinere/tilpasse utbetring av Lepsøykrysset med ei utbetring av Fv 158.

I dykkar epost vert det vist til kontakt med Os kommune. Det er positivt at de har meldt inn behovet til kommunen, sjølv om det her er snakk om ein fylkeskommunal veg. Kommunane er ein svært viktig aktør for fylkeskommunen (og Statens vegvesen) når det gjeld vår prioritering på fylkesvegnettet. I trafikksikringsarbeidet på både kommunal, fylkeskommunal og statleg veg er dei kommunale trafikksikringsplanane viktige styringsdokument, og viser kva tiltak kommunane prioriterer. Vi er kjent med at Os kommune no skal i gang med å rullere sin trafikksikringsplan. I slikt arbeid vil innbyggjarane vanlegvis få høve til å melde inn tiltak. Ta kontakt med kommunen for å høyre om kva prosess/framdrift dei har etablert for sin plan.

Lise F. Ådlandsvik

Spesialrådgjevar

Samferdselsavdelinga | vegseksjon

[Hordaland fylkeskommune](#)

Fra: Bjarte Tolleshaug [mailto:bjarte@tolleshaug.com]

Sendt: 19. januar 2017 02:00

Til: Lise Fauskanger Ådlandsvik <Lise.Fauskanger.Adlandsvik@hfk.no>

Kopi: 'Bjarte Tolleshaug' <bjarte@tolleshaug.com>

Emne: Utbedring av fylkesvei.

Hei Lise,

Jeg fikk ditt navn av Os kommune angående trafikksikring.

Vi har nylig søkt om veilys, fartsdempere, fortau ol. For vårt nærrområde.

Men det er en vei strekning i Os kommune som innbefatter fylkes ansvar også, ved kontakt med Os kommune referer de til at de «purrer på Fylkeskommunen» Som foreldre til skolebarn opplever jeg at det ikke skjer noe, og det er ikke lett å orientere seg om hvor, hvem, hvordan man skal ta fatt på problemet.


Her mangler det nesten alt, men det er noen veilys her og de lyser no litt opp.

Word-vedlegg viser hvordan Os kommune med fylke fikk utbredt veien, men man glemte utbedre Trollaldalen opp fra Kyrset med E39 til der utbedringen ble gjort. Den gangveien som går fra nye partiet ender opp i et kryss hvor det ikke finnes noe som helst fortau eller fartsdempende tiltak, likevel er dette en skolevei, og (gang og) sykkelsti mellom Haugasund og Bergen.

<http://www.midtsiden.no/ma-vurdera-lepsøy-krysset-pa-nytt>

<http://www.midtsiden.no/ma-noen-miste-livet>

<https://www.google.no/maps/place/Trollaldalen,+5200+Os/@60.1698924,5.4415024,17z/data=!3m1!4b1!4m5!3m4!1s0x463c5f41eccc4f11:0x6195a657d7166aa9!8m2!3d60.1698924!4d5.4436911>





Jeg stopper her, og avventer respons.

Ha en fin dag
Mvh Bjarte